

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.01.2014

**Alf Helge Greaker** sette fram forslag til nytt pkt i innstillinga.

«Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet at andre målingar og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standarder og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludera andre typar kvalitetsmålingar».

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1, 2 og 5 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 3 og 4 vart vedteke mot 6 røyster (A, SP, SV).

Alf Helge Greaker sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Fylkesutvalet er positive til etablering av «*helhetlige bymiljøavtaler*» som eit verkemiddel for å bidra til samarbeid mellom lokalt, regionalt og statleg nivå for å nå mål om nullvekst i personbiltrafikken.
2. Fylkesutvalet er positiv til at det vert etablert eit felles sett av indikatorar som skal ligge til grunn ved utforming av den enkelte bymiljøavtale. Fylkesutvalet er samd i at det er viktig å skilje mellom målindikatorar og indikatorar for innsatsområda. Måloppnåing i ei bymiljøavtale bør målast gjennom målindikatorane. Fylkesutvalet støtter i tillegg at det vert etablert indikatorar knytt til innsatsområda for mellom anna å sikre lokal kontroll og oppfølging av virkemiddelbruken. Ei bymiljøavtale må vere basert på eit partnarskap der konsensus mellom avtalepartane om virkemiddelbruken vert lagt til grunn.
3. Fylkesutvalet er skeptisk til at forslaget, samla sett, er svært ressurskrevjande; både på utforming, vedlikehald og rapportering. I den grad det er metodisk forsvarleg bør det, av omsyn til ressursbruk og kontinuitet, tas i bruk data som allereie har eit etablert system for innsamling.
4. Fylkesutvalet ser det som avgjerande at fokus i bymiljøavtalene er gjensidig forpliktande samarbeid. Rapportering på indikatorane bør inngå i eit styringssystem der det også vert høve til å drøfte og avklare kvalitative tilhøve som det ikkje er mogen å fange opp i eit indikatorsystem.
5. Under "Kvalitet på kollektivtilbudet/universell utforming" ber fylkesutvalet at andre målingar og kan nyttast. Til dømes er EuroTest og BEST (Benchmarking European Service of public Transport) sine standarder og metodikk utprøvd og det bør vere moglegheit for dei byregionane som ønskjer det å inkludera andre typar kvalitetsmålingar.
6. Fylkesutvalet viser elles til fylkesrådmannen sitt saksframlegg som ein del av høyringsuttalen.